

Aktivitetsplan 2013

Dato	Namn	Ansvarleg
19. mars	Årsmøte	
17. mars	Syng med oss på Bryggja	
27. april	Dugnad Gravdal	
17. mai	Nasjonaldagen	
25. mai	Dugnad Stormfestival	
2. - 9. juni	Stormveka	
7. - 9. juni	Stormfestival	
11. juni	Sesongavslutning	
20. august	Sesongstart etter sommaren	
30. aug – 1. sep.	Inspirasjonshelg/blåtur	
25. – 26. okt.	Heim i Haust	
3. november	Basar	
15. desember	Julekonsert	
11. januar 2014	Nyttårskonsert	

Opnar for kor

12 korps har meldt seg på Stormestival 2013.

Vi opnar for å late kor få melde seg på festivalen. Det skjer etter at vi har fått spørsmål frå korfolk som gjerne vil vere med. Dermed får vi sjå om det blir noko respons, og om dette kan bli den første festivalen med kor og korps saman.

Festivalen skal vere 7. til 9. juni i år.

Stormfestival-2013



Måløy 7. 8. og 9. juni 2013
Sjekk: www.torskangerpoll.no
Kontakt: avaage@online.no eller mobil: 45633338

BÅTBYGG!

		3	5	8		6	1	
9			4	2		5		
1	8			3	9			
5	1					2		4
2		4				8		1
			8	9		4		7
		7		6	2			3
	9	2		4	5	1		

**S
u
d
o
k
u**

				3	6	2				8
		5						9	2	
		7					9		4	
1	9			5	2			8		
5			4					2		3
			3			4	8		9	5
		4		9						6
		6	5							3
2				6	1	5				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 2

20. årgang

Februar 2013

Stormsilda hengt til tork



Laurdag 9. februar var det sildedugnad. På ein lur plass vart over 500 førsteklasses sildefiletar gjort klare etter alle kunstens reglar. Dette skal bli litt av den spesielle maten vi skal servere under stormfestivalen til sommaren.

Silda var sponsa av Norway Pelagic og gjort klar av denne muntre gjengen her. Planlegginga av festivalen er i full gang. 28. februar er siste påmeldingsfrist, og det er spennande å sjå kor mange korps som blir med på festivalen. Vi har til og med fått spørsmål frå kor om å få vere med, og vi opnar for det no.



www.torskangerpoll.no



Årsmøte 2013

Tirsdag 19. mars 2013 klokka 20.00

Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Torskangerpoll

Musikklag i Frelsesarmeen i Måløy.

Det blir behandla ordinære årsmøtesaker som valg, rekneskap, budsjett og innkomne saker.

Betalande aktive medlemmer har stemmerett.

Helsing styret i Torskangerpoll Musikklag.

Holvik gammalt korpsbilde

Tilbakeblikk 40 år (året 1973)

10. januar fekk TPM kommunal garanti for å ta opp lån på 20.000 kr i Bergens privatbank for å kjøpe 4 kornettar, 2 barytonar og eit flygelhorn. 6 prosent rente og nedbetaling på 5 år.

Søndag 21. januar speling på gudsteneste i Våge-Oppedal skule. TPM spelte til alle salmar, til liturgien og hadde eigne stykke. Alt var tilrettelagt og arrangert av Arne T. Vågsvåg sang- og musikklag deltok og.

Måndag 29. januar spelte korpset i Alfred Færestrand sin 50 årsdag.

Laurdag 3. februar årsfest for TPM i Gravdal. Middag oppe med langbord der det blei servert kjøttkaker frå Torgkafeen. Sanger, opplesing og taler blei framført. Det blei svingom, kaffi og kaker seinare på kveld.

17. mai i fint ver med morgenprosesjon kl 07.00 frå Oppedal til Vågsvåg med frukost hos Ellinor Inselseth. Folketog frå Gravdal til Bjørneset og til Vågsvåg kl 15.00. 26 marsjar blei spelte. Kvistad holdt tale for dagen.

Laurdag 2. og søndag 3. juni musikkstevne i Stryn med buss frå Oppedal kl 11.00 og kom til Stryn kl 15.00. Budde på Yris Hotell i Olden. Oppmarsj kl 16.30 og fest kl 20.00 med kylling og is til langt på natt. TPM deltok på kyrkjekonsert, oppmarsj og ettermiddagskonsert søndag. 9 korps deltok. Spelte på skulemusikkbasar i Hornindal på heimturen, og det blei ei heil akt. Vi nådde akkurat niferja i Deknepollen heim att.

Laurdag 16. juni spelte TPM på sanitetsbasar i Gravdal. Søndag 17. juni spelte vi på Refvik på fotballkamp mellom Tornado og OS.

Søndag 24. juni var TPM til Husevåg og spekte friluftskonsert på skuleplassen. Tre avdelingar med utlodding mel-

lom. Ragnvald O. Husevåg takka for at vi kom. Det var 36 år sidan sist TPM spelte i Husevåg.

Søndag 1. juli sommarkonsert på skuleplassen i Vågsvåg. Søndag 28. oktober årsmøte der Reidulf Færestrand gjekk av etter mange år som sekretær.

Laurdag 24. og søndag 25. nov. musikkbasar i Gravdal der korpset spelte to avdelingar laurdag og tre avdelingar søndag. Kaffi og smørbrød i kjellaren (og ein liten ein i kolbingen).

Torsdag 20. desember kl 19.30 julekonsert i Sør-Vågøy kyrkje. Søndag 23. desember julekonsert i fullsatt gymnastikksal i Vågsvåg ilag med Vågsvåg sang- og musikklag. Tysdag 1. juledag speling på gudsteneste i fullsett kyrkje, og det gjekk kyrkjebuss frå Oppedal via Færestrand.

Mandag 30. des. juletreffest i Gravdal med Ragnvald Myhre som festtaler.

Det var konkurranse der Olga Sandvik vann premien som var å dirigere TPM ein melodi som førte til mykje lått og løye.

Reidulf Færestrand var sekretær dette året og har skrivne flotte arrangementsreferat. Han har og teke med kva musikklaget spelte på alle arrangement. JW

